

Saksframlegg

Saksbehandlar: Arlen Synnøve Bidne, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 19/32-5

Statsbudsjettet 2019 kap. 1429 post 79 Verdsarv

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Dei løyvde midlane frå statsbudsjettet 2019 kap. 1429 post 79 Verdsarv vert fordelt til følgjande
 - a. Naust på Hjellum inntil kr. 320 000,-
 - b. Parkforvaltar kulturminne og formidling inntil kr. 300 000,-
2. Dei løyvde midlane frå førehandløyvinga frå statsbudsjettet 2019 kap. 1429 post 79 vert fordelt til følgjande:
 - a. Eldhus på Bakka inntil kr. 410 000,-
 - b. Restaureringsplan for Styvi Gard inntil kr. 90 000,-
3. Tilbaketrekte midlar frå 2014 vert fordelt til følgjande:
 - a. Naust på Hjellum inntil kr. 50 000,-
4. Dei ubrukte og tilbaketrekte midlar frå 2017 vert fordelt til følgjande:
 - a. Geitefjøs på Nedbergo inntil kr. 370 000,-
5. Renteinntektene for 2018 kr. 42 700 vert fordelt til følgjande
 - a. Prosjekt formidling Styvi Gardsmuseum inntil kr. 42 700,-
6. Søknaden om tilskot til istandsetjing av løe på Ramsøy vert handsama i ei seinare sak.
7. Fordelinga av dei resterande midlane for 2019, kr. 280 000,- vert fordelt i ei seinare sak.
8. Fylkesdirektøren set nærare vilkår for bruken av tilskota.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

1. Brev av 20. februar 2019 frå Riksantikvaren med tildeling av tilskot frå statsbudsjettet 2019 kap. 1429 post 79 Verdsarv
2. Retningsliner og vilkår for tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71-79
3. Omtale og vurdering av dei innkomne søknadane

Andre relevante dokument i saka:

1. Innkomne søknadar om tilskot frå post 79
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt brev av 15. januar 2019 til Riksantikvaren med søknad om tilskot frå post 79 for 2019
3. Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden
4. Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Kvart år har eigarane av kulturminne i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden, høve til å søkje fylkeskommunen om tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 79 tilskot til verdsarven. For 2019 fekk fylkeskommunen inn søknadar til 7 prosjekt med ei total søknadsramme på kr. 2 416 643,-. Då fylkeskommunen hadde ein del midlar frå post 79 som ikkje var fordelt til bestemte prosjekt, søkte fylkeskommunen om kr. 1 464 000,- i tilskot frå post 79 for 2019.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har for 2019 fått tildelt kr. 900 000,- i tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 79, jf. vedlegg 1. I tillegg fekk fylkeskommunen i 2018 tildelt kr. 500 000 i førehandsløyving for 2019, desse midlane er ikkje fordelte og skal fordelast i denne saka. Vidare har fylkeskommunen kr. 90 000 frå tildelinga i 2018 som ikkje er fordelt, samt kr. 320 000 av tildelinga frå 2017 som mottakar har sagt i frå seg. Vidare har fylkeskommunen trekt tilbake kr. 50 000,- løyvd i 2014 og kr. 50 000,- løyvd i 2017 frå prosjekt som ikkje er ferdigstilt innan fristen og der ikkje alle delar av prosjektet har blitt gjennomført i tråd med vilkåra for tilskot. I tillegg har fylkeskommunen hatt kr. 42 700,- i renteinntekter på midlar som står på konto hjå oss før dei vert utbetalt til tilskotsmottakar. Desse midlane skal også fordelast i denne saka. Det gjev ein samla sum på kr. 1 952 700 som skal fordelast no.

Fylkesdirektøren har vurdert søknadane om tilskot i høve føringa gitt i brev av 20. februar 2019 frå Riksantikvaren og i høve Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden.

2. Bakgrunn for saka

Sogn og Fjordane fylkeskommune har for 2019 fått tildelt til saman kr. 1 400 000,- frå «Bevaringsprogrammet for verdsarv» til ulike prosjekt i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden. Bevaringsprogrammet har som føremål å utvikle dei åtte norske verdsarvområda som fyrstårn for den beste praksisen innan natur- og kulturforvaltning og formelt vern i tråd med forpliktingane i Unesco si verdsarvkonvensjon og dei internasjonale retningslinene frå Unesco.

Tilskot frå post 79 går til private eigarar og forvaltarar av verdsarvstadar i Noreg. To av dei åtte verdsarvstadane ligg i Sogn og Fjordane, Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden og Urnes stavkyrkje. I tillegg er Kvernsteinsbrota i Hyllestad på Riksantikvaren si tentative liste over verdsarv. Fylkeskommunen handsamar berre søknadar frå Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden, søknadar om støtte frå post 79 til Urnes stavkyrkje vert handsama direkte av Riksantikvaren.

For 2019 fekk Sogn og Fjordane fylkeskommune inn søknad om tilskot til 7 ulike prosjekt med ein samla søknadssum på kr. 2 416 643,-. Desse søknadane danna grunnlag for fylkeskommunen sin søknad til Riksantikvaren om tilskot frå post 79 for 2019.

I brev av 20. februar 2019 gjorde Riksantikvaren følgjande vedtak om tildeling av midlar frå post 79:

Vedtak

Riksantikvaren gjev med kr 900 000,- til Sogn og Fjordane fylkeskommune frå post 79 tilskot til verdsarven.

Riksantikvaren har følgjande grunngjeving for tildelinga:

«Hovudføremålet for kulturminneforvaltninga er å hindre tap av kulturminne og kulturmiljø. Ein skal og taka vare på kulturminna som bruksressursar og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Midlane under post 79 er knytte til nasjonalt

mål om at områda på Unescos verdsarvliste skal forvaltast i tråd med forpliktingane i Unescos verdsarvkonvensjon og retningslinene for oppfølging av konvensjonen.

Vestnorsk fjordlandskap er innskriven som eit reint naturområde, men der opplevinga av menneskjas liv og virke i området er ei vesentleg tilleggsverdi. Å ta vare på vitnemål om dette er i tråd med forpliktingane som fyljer av statusen som verdsarv.»

Fordeling av tilbaketrekte midlar

Fylkeskommunen har trekt tilbake delar av tildelinga til to prosjekt; Edling-Hans stova og Fristølen. Grunnen til at delar av tilskota vart trekt tilbake i desse prosjekta var at dei ikkje har blitt ferdigstilt innan fristen og at delar av arbeidet ikkje var gjort i tråd med vilkåra for tilskot. Eit resultat av at delar av arbeidet ikkje vert gjort i tråd med vilkåra, er at bygningane sin kulturhistoriske verdi har blitt redusert.

3. Vurderingar og konsekvensar

Føresetnadar og prioriteringar

Dei innkomne søknadane er vurdert i høve til Riksantikvaren sine retningslinjer og for bygningar er dei i tillegg vurdert i høve til prioriteringa gjort i Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden og HK-sak 44/14 der hovudutval for kultur gjorde følgjande vedtak:

1. Restaureringsplanen for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden; jf. vedlegg 1, skal vere retningsgjevande for fylkeskommunen sitt engasjement for bevaring og istandsetjing av bygningar i verdsarvområdet.
2. Restaureringsplanen skal vere retningsgjevande i samband med fylkeskommunen si fordeling av midlar frå statsbudsjettet kap. 1429 post 79 Verdsarv.

Eit hovudprinsipp ved antikvarisk arbeid er å ta vare på mest mogleg av originalt/eldre material. Delar som må skiftast skal erstattast av delar av tilsvarande materiale tilverka på tilsvarande måte. Vidare skal arbeidet utførast etter dei same handverksmetodane som tidlegare vart nytta i området, i den grad dette er mogleg.

Ei utfordring i verdsarvområdet er tilgangen på kvalifiserte handverkarar som kan hjelpe eigarar av kulturminna med råd og rettleiing i samband med istandsetjing, og til å gjennomføre prosjekt som har fått tilskot. Ei følgje av dette er at ikkje alle prosjekt som har fått tilskot har blitt gjennomført etter intensjonane. For å hjelpe eigarar av kulturminne i verdsarvområdet med råd og rettleiing hjelper fylkeskommunen sin restaureringsleiar for freda bygningar eigarane i området. Restaureringsleiar har ansvar for oppfølging av dei tekniske sidene ved istandsetjingsprosjekta som får tilskot frå post 79. I tillegg skal han hjelpe eigarar som vurderer å gå i gang med nye restaureringsprosjekt med råd og rettleiing i forhold til dei tekniske sidene. Dette for å bidra til at bygningane sine antikvariske verdiar vert tekne vare på i istandsetjinga.

Status for istandsetjingsprosjekt i 2014 – 2018

I samband med vår rapportering til Riksantikvaren for bruken av tilskot i 2018 vart det gjort ei oppsummering av istandsetjingsprosjekt i verdsarvområdet for det tidsrommet vi har arbeida etter Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden. Denne samanstillinga syner at vi i tidsperioden har starta opp 11 istandsetjingstiltak på bygningar i verdsarvområdet. Av desse er 8 ferdigstilt pr. 31. desember 2018 og på det som omfattar to samanbygde hus, ostebua og geitefjosen på Nedbergo, er det eine ferdigstilt og det andre har søkt om meir støtte for å ferdigstille det andre i 2019. Når det gjeld istandsetjing av bygningar er fylkesdirektøren nøgd med at arbeidet på Hansaløa i Undredal no er ferdig. Dette har vore det største istandsetjingsprosjektet i verdsarvområdet som fylkeskommunen har delteke i. Eigar har her gjort eit godt arbeid med oppfølginga og organiseringa av prosjektet, noko som har ført til eit godt resultat.

I tillegg til istandsetjing av verneverdige bygningar i verdsarvområdet har det og vore løyvd tilskot til tiltak i kulturlandskapet. I perioden 2014 – 2018 er det starta opp 5 tiltak i kulturlandskapet og av desse er fire ferdigstilte pr. 31. desember 2018 og eit er delvis

ferdigstilt. Det er forventa at dette vert ferdigstilt i løpet av sommaren 2019. Tilskot til tiltak i kulturlandskapet har i gått til istandsetjing av murar, vegar og bryggje.

Vurdering av innkomne søknadar

For 2019 har fylkeskommunen fått inn søknadar til 7 prosjekt, spesielt gledeleg i år er at alle søknadar om istandsetjing av bygningar er knytt til bygningar som er prioritert i Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden. Desse fire prosjekta vil bidra til å oppfylle målsetjinga i restaureringsplanen om istandsetjing av dei verneverdige bygningane i verdsarvområdet.

Nærøyfjorden verdsarvpark har gjennom fleire år fått tilskot til delfinansiering av stillinga Parkforvaltar kulturminne og formidling. Parkforvaltar har gjort eit godt arbeid med å hjelpe fram istandsetjingsprosjekt i området og hjelp eigarar med søknadar om tilskot. Fylkesdirektøren vurderer det som viktig at det er ein person i nærområdet som kan hjelpe eigarar av verneverdige kulturminne i samband med søknad om støtte til istandsetjingstiltak. I tillegg skal Restaureringsplanen for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden rullerast i 2019 og det er ynskjeleg at Verdsarvparken deltek i dette arbeidet med parkforvaltar kulturminne og formidling.

I tillegg er det kome inn søknad om delfinansiering av eit formidlingsprosjekt på Styvi Gardsmuseum og utarbeiding av ein restaureringsplan for Styvi gard, denne planen skal og omhandle dokumentasjon av naust som har falt ned slik at dette kan rekonstruerast.

For nærare omtale og vurdering av prosjekta syner fylkesdirektøren til vedlegg 3.

4. Konklusjon

Fylkesdirektøren syner til drøftingane ovanfor og rår hovudutvalet til å gjere vedtak i tråd med framlegg.

... [Sett inn saksutredningen over denne linja](#) ↑